

## **Informasjonsskriv – klede og gjenstandar i kista ved gravlegging og ved kremasjon**

### *Spørsmål om klede og gjenstandar i kista*

Frå tid til anna er det spørsmål om kva som kan nyttast av klede og kva som kan leggjast ned av gjenstandar i kista i samband med gravlegging eller kremasjon. Spørsmål om dette kjem både fra etterlatne, gravferdsbyrå, prestar og tilsette ved institusjonar.

### *Nedlegging av avdøde i kista*

Som oftast er det eit gravferdsbyrå som legg den døde i kista. Ved nokre høve og på nokre stader blir dette gjort av helsepersonell, til dømes ved institusjonar som sjukehus, aldersheimar og liknande. Dei etterlatne vil og kunne ha ønskje om å vere tilstades ved nedlegginga av den døde i kista, og ved mange høve er dette aktuelt. I samband med ønskje om kva den døde skal ha på seg i kista og eventuelle gjenstandar som blir lagt ned i kista, er det viktig å ta nødvendige omsyn til nedbryting, tryggleik og miljøvern. Dette vil også gjelde for pacemaker eller tilsvarende implantat, og desse må vere fjerna før kremasjonen.

### *Klede*

Dersom det er eit ønskje om å kle avdøde i eigne klede, skal desse kunne brytast ned i jorda innan fredingstida som gjeld for gravplassen. Bomullsklede vil som regel brytast ned i jorda. Nylonklede vil ikkje late seg bryte ned så lett. Dette gjeld også for klede av ull, slik som til dømes bunadar. Dersom det er usikkert om kleda let seg bryte ned, bør ein syte for at kleda er opne i ryggen. Dette er viktig for nedbrytinga i jorda. Dei fleste tøyprodukt vil brenne i kremasjonsomnen utan å sleppe ut skadelege gassar.

### *Gjenstandar som blir lagt ned i kista*

Gjenstandar som medfører risiko for eksplosjon eller medfører anna fare må ikkje leggjast ned i ei kiste som skal bli kremert. Dette vil mellom anna gjelde for alkohol, ammunisjon, batteri, brennbare væsker, glas og kolfiber (kan finnast i golfkøller).

Også gjenstandar som blir lagt ned i ei kiste som skal gravleggast, må kunne brytast ned i jorda innan fredingstida for gravplassen. Her må ein vise skjøn. Dette vil særleg vere aktuelt når barn ønskjer å leggje ned gjenstandar i kista, som til dømes bamsar/kosedyr, fotballar, verktøy, myntar, mobiltelefonar eller liknande. Hvis det er mogeleg, bør gjenstandar som ikkje let seg bryte ned takast ut før gravlegginga. Gravferdsbyråa veit som regel om det har blitt lagt ned slike gjenstandar og må då informere dei etterlatne om at gjenstandane vil bli teke ut av kista.